

Informasjon til elevar ved utdanningsprogramma Helse og oppvekstfag vg1 og vg2 programområda ved avdelinga.

Du har fått plass ved Førde vidaregåande skule. Vi ynskjer deg velkommen, og håper du vil få ei lærerik tid her ved skulen.

Oppmøte

Skulen tek til måndag 18. august. Klokkeslett og stad for oppmøte blir kunngjort på skulen si heimeside www.forde.vgs.no. På nettsida vår vil du finne nyttig informasjon om skulen og tilboda våre.

Utstyr som du treng gjennom skuleåret:

Kroppsøving: 1 sett treningstøy innandørs/utandørs

1 par innandørssko med lys sole

1 par utandørssko

Engelsk 1 spiralhefte A4 med linjer

Matematikk: 1 spiralhefte A4 med ruter

Naturfag: 1 spiralhefte A4 med ruter

Ringperm m/ plastlomme til å samle arbeidskrav/forsøk Vanlege skrivesaker – blyant og viskelær

Programfag og yrkesfagleg fordjuping:

Elevane bør ha klær og sko i høve praksisperioden. Meir info får ein frå faglærar ved skulestart.

Datamaskin: Ein tilrår at elevar kjøper ny PC gjennom Vestland fylkeskommune sin kjøpsavtale. For meir informasjon om avtalen: Gå til Førde vgs si heimeside www.forde.vgs.no Elev og Føreset--> Praktisk info--> Elev-PC

Programvare:

Elevar i Vestland fylkeskommune får installert Microsoft Office pakke gratis ved skulestart.